



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Innkalling til møte i Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

---

Tid: 20.10.2022 kl. 19:00

Stad: Ulstein kyrkjekontor, Møtesal

Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikelbakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nesteleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Bodil Muren Voldskjær	Medlem
Karete Malen Nesset	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Knut Erik Engh	kommunal representant
André Sæter	1. vara
Mirjam Håland Igland	vara for geistleg representant
Christfried Kaul	sekretær

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemmar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

### Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
F-2022/35		Rekneskap 2022 - Tertiarrapport 2	133.0
F-2022/36		Møteplan våren 2023	002.3
S-2022/37		Revisjon av Plan for konfirmantarbeid i Ulstein sokn	332.0
S-2022/38		Gudstenesteplan for Ulstein sokn våren 2022	311.0
S-2022/39		Semesterplan Ulstein sokn våren 2023	023.0
S-2022/40		Plassering av innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje	411.0

## Meldingar:

### F024 Infoskriv om KM- vedtak Kirkelig organisering

#### Vedlegg:

*Infoskriv om Kirkemøtevedtak Kirkelig organisering*

I samarbeid med nettverket for fellesrådsleiarar, Kirkevergelaget har Møre biskop og Møre bispedømeråd sendt ut eit infoskriv om vedtaket som blei fatta på Kirkemøtet i Trondheim i september.

### F025 Rekruttering ny kantor i Ulstein

Det er søknadsfrist 15. oktober for kantorstilling i Ulstein som blei lyst ut i starten av september. Kyrkjeverje vil legge fram søkerlista i møtet.

Partssamansett utval har avtalt møte mandag 17.10. for å gå gjennom søkerne, setje saman ei intervjugruppe og legge ein plan for innkalling til intervju. Utvalet vil orientere Ulstein kyrkjelege fellesråd i møtet om prosessen vidare.

### S026 Orientering om kyrkjelydsarbeidet

Kyrkjelydslivet fornyer seg med nye initiativ. På soknerådsmøte ønskjer vi å orientere kort om høgdepunkt og nye satsingar frå dei siste vekene sidan førre soknerådsmøte.

- Samlingar for Unge vaksne
- Misjonsmiddag
- Jubilantfest
- Byggeklossen familiemiddag
- Arbeid med flyktningar
- Siste runde med Nytt liv

Ulsteinvik, den 12.10.2022

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær

*Nettverket av fellesrådsledere, Kirkevergelaget, Møre bispedømmeråd og Møre biskop deler i felleskap denne informasjonen med alle dere som er rådsmedlemmer eller ansatt i Den norske kirke i Møre.*

*Vi ber om at kirkevergene formidler e-posten videre til rådsmedlemmer samt til ansatte i fellesråd/menighetsråd.*

**Kirkemøtet har fattet et prinsippvedtak om at kirken skal ha en samlet og samordnet arbeidsgiverorganisering. Alle beholder sin nåværende arbeidsgiver. Sognene ved fellesrådet forsetter som arbeidsgiver for alle sine ansatte. Rettssubjektet Den norske kirke fortsetter som arbeidsgiver for sine ansatte. De to arbeidsgiverlinjene får nye rammer for samhandling.**

Nå starter arbeidet med videre behandling og utredning. I dette arbeidet skal fagforeninger, fellesråd, bispedømmeråd og menighetsråd bidra og sammen finne gode løsninger. Endringene vil først tre i kraft etter konkrete vedtak på kommende kirkemøter.

Kirkemøtets vedtak kan i sin helhet leses nedenfor:

1. Kirkemøtet ber Kirkerådet fremme en eller flere saker til Kirkemøtet om konkrete endringer i kirkeordningen eller øvrig regelverk, som bygger på følgende modelluavhengige elementer eller føringer:
  - a) Menighetsrådets rolle skal styrkes, herunder ved tilsettinger og ved at ansatte som arbeider i soknet, er forpliktet på menighetsrådets planer.
  - b) Biskopens tilsyn skal styrkes og ledelsen tydeliggjøres, uten at biskopen skal utøve arbeidsgivers styringsrett på samme måte som i dag.
  - c) Ansvaret til folkevalgte styringsorganer og deres valgte ledere i Den norske kirke tydeliggjøres og rammevilkårene styrkes.
  - d) Bispedømmerådets rolle som strategisk lederorgan i bispedømmet skal styrkes.
  - e) Den daglige ledelsen skal gjennomgående være todelt, og kirkefaglig og administrativ leder skal være sidestilt. Den konkrete utformingen av ledelse i kirken utredes nærmere og høres for ny behandling i Kirkemøtet. Det må blant annet utredes hvordan prostens kirkefaglige ledelse utøves i samarbeid med biskopen, fellesrådet og i forhold til kirkefaglig ledelse i soknet.
  - f) I det videre arbeidet skal det utarbeides felles rammeverk, strategier, politikk og systemer for å legge til rette for enhetlig og effektiv forvaltning og sammenheng i hele trossamfunnet. Dette omfatter blant annet felles personalreglement for hele trossamfunnet, et system for konflikthåndtering og system for HMS.
  - g) Prestetjenesten må fortsatt organiseres under prostens ledelse, og i mange tilfeller i geografiske områder som er større enn dagens fellesrådsområder.
  - h) Det skal ikke være noe krav om sammenslåing av kirkelige fellesråd. Eventuelt samarbeid må vokse frem nedenfra og ut fra lokale forutsetninger. Det bør stimuleres til etablering av samarbeid mellom fellesråd som ønsker det, i tett kontakt med de berørte kommuner.

- i) Samisk kirkeliv skal styrkes.
  - j) Kvensk kirkeliv skal styrkes.
  - k) Organiseringen av Døvekirken, andre kategorialmenigheter og spesialprestjenester må vurderes særskilt, og kan følge andre prinsipper enn organiseringen av den alminnelige kirkelige virksomheten.
- I) Lederen av Den norske kirkes ungdomsutvalg skal være medlem av Kirkemøtet. Det må samtidig utredes tiltak for å øke ungdomsrepresentasjonen i Kirkemøtet.
2. Kirkemøtet går inn for en videreutviklet modell 3 med samlet og samordnet utøvelse av arbeidsgiverfunksjoner, men der rettssubjektet Den norske kirke fortsatt er arbeidsgiver for prestene og soknene ved fellesrådet fortsatt er arbeidsgiver for de andre ansatte som arbeider i soknene. Modellen skal ivareta lokal forankring og sammenheng i kirkeorganisasjonen. Kirkemøtet ber Kirkerådet utrede en ordning der stillinger i kirkelig fellesråd som helt eller delvis er finansiert av midler fra rettssubjektet Den norske kirke i framtiden blir ansatt i rettssubjektet Den norske kirke, med tilskudd fra kirkelig fellesråd.
3. Kirkemøtet understreker at soknets organer må involveres i det videre arbeidet med å følge opp Kirkemøtets prinsippbeslutning. Ansattes organisasjoner involveres i tråd med gjeldende regler og avtaleverk.

Her er en artikkel om hva vedtaket betyr, med uttalelser fra Kirkerådets leder, preses og kirkerådets direktør: <https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/more/aktuelt/kirkem%C3%B8tet%20vil%20ha%20en%20samlet%20og%20samordnet%20ledelse/>

På vedlagt link ([DELUTREDNING 3 \(kirken.no\)](#)) kan du lese mer inngående hva vedtaket innebærer.

KA har også kommet med en kort orientering, se vedlagt link: [Kirkelig organisering: Kirkemøtet gikk for modell 3 \(ka.no\)](#)

*Dette vedtaket vil vi sammen se på i de prostivise samlingene i oktober samt øvrige fagmøter.*

Om du ikke fikk sett allmøtet 28. september, finner du det i opptak her:  
[www.kirken.no/allmote](http://www.kirken.no/allmote)

Med vennlig hilsen

**Ingeborg Midttømme**  
Biskop  
Møre bispedømme



**DEN NORSKE KYRKJA**

*Meir himmel på jorda / [www.kyrkja.no/more](http://www.kyrkja.no/more)*

**Kurt W. Vadset**

Rådgiver kommunikasjon/digital

Møre bispedømme

+47 926 15 021



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda / [www.kyrkja.no/more](http://www.kyrkja.no/more)*

---

## F-SAK 2022/35 Rekneskap 2022 - Tertialrapport 2

### UTGREIING

Vedlegg:

*Tertialrapport 2 - 2022*

Tertialrapporten viser eit positivt avvik frå budsjett på kr. 342.000. Kommentar til dette avviket: Ulstein sokn fekk stønad på 154.000 frå bispedøme og frå Den norske kyrkja sentralt for arbeid med flyktningar og ulike type satsingar i kyrkjelyden. Her vil det i haust kome fleire utgifter som balanserer mot dette.

Godtgjersle for folkevalde blir utbetalt i desember – ca. kr. 100.000

Fakura for vedlikehald av Ulstein kyrkje (vask, reparasjon takrenner, maling av vestveggen) på kr. 170.000 er ikkje med i tertialrapporten.

Økonomien for 2022 ser så langt positiv ut og Ulstein sokn styrer heller mot eit mindreforbruk enn eit meirforbruk.

Om mogleg skal ein også i årsrekneskapen for 2022 avsetje midlar til dekking av fjarårets mindre underskot/meirforbruk. Soknet hadde eit neirforbruk på kr. 330.000 i 2021.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek tertialrapport 2-2022 til vitande.

## Ulstein kyrkjelege fellesråd - rekneskapsrapport 2. tertial 2022

Kontonamn	Regnskap 31.08.2022	Budsjett 31.08.2022	Avvik
LØNN INKL.SOSIALE KOSTN OG PENSIJON	3 883 692	4 019 992	136 300
MATERIELL, RÅVARAR, TENESTER	97 249	279 201	181 952
MAT, VELFERDTILTAK, GEBYR	102 939	60 732	-42 207
KOMMUNIKASJONSUTGIFTER	39 023	30 600	-8 423
ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON	32 562	27 933	-4 629
REISE OG OPPLÆRING	87 158	156 186	69 028
DRIFT AV EIGNE TRANSPORTMIDDEL (årsavg., STRAUM)	75 544	0	-75 544
FORSIKRING KLP SKADE, ULUKKE, YRKE	54 570	66 450	11 880
HUSLEIGE	129 870	98 200	-31 670
AVGIFTER, GEBYRER, LISENSER M.V.	256 096	183 866	-72 230
INVENTAR OG UTSTYR	104 000	90 855	-13 145
LEIGE, LEASING, KJØP, VEDLIKEH. TRANSPOR	43 717	113 134	69 417
SERVICEAVTALAR OG REPARASJONAR	68 702	116 169	47 467
MATERIAL TIL VEDLIKEHALD	25 785	27 016	1 231
KONSULENT TENESTER (REVISJON)	50 416	30 000	-20 416
DIVERSE TENESTER	69 217	90 800	21 583
OVERFØRING AV INNSAMLA MIDLAR	207 693	242 668	34 975
NETTO FINANS (AVDRAG OG RENTER)	59 453	132 184	72 731
<b>Sum utgifter</b>	<b>5 447 897</b>	<b>5 857 319</b>	<b>409 422</b>
SALSINNTEKTER	-550 931	-656 034	-105 103
INTERNE OVERFØRINGER	-2 178 274	-2 178 274	0
TILSKOT FRÅ DEN NORSKE KYREKJA (tidl. ST)	-861 800	-665 000	196 800
TILSKOT FRÅ KOMMUNE	-1 872 280	-1 945 806	-73 526
OFFER OG GÅVER	-302 345	-387 084	-84 739
BRUK AV BUNDNE FOND			0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-5 765 630</b>	<b>-5 832 198</b>	<b>-66 568</b>
<b>Netto mindreforbruk</b>	<b>-317 733</b>	<b>25 121</b>	<b>342 854</b>
<b>Periodisering:</b> Godtgjersle til sokneråd - utbet i des Vedlikehold kyrkje - ikkje bokf enno	<b>100 000</b>		
	<b>170 000</b>		
	<b>-47 733</b>		

---

## F-SAK 2022/36 Møteplan våren 2023

### UTGREIING

I samsvar med semesterplan, gudstenesteplan og organisering av arbeidet treng Ulstein kyrkjelege fellesråd / Ulstein sokneråd vedta ein møteplan for utvalet. Møtefrekvensen er ca. 1 gong i månaden.

Det har vore tradisjon for at det første møtet på nyåret er eit felles møte mellom sokneråd og staben.

Arbeidsutvalet førebur møtene til Ulstein kyrkjelege fellesråd og Ulstein sokneråd og vil legge opp til AU- møte ca. 2 veker før eit SR/FR-møte. AU setter opp eit sakskart og førebu sakene slik at dei kan bli sendt ut ei veka før møtet finn stad.

Det skal haldast årsmøte for soknet om våren etter at revisor har levert fråsegn til rekneskapen innan 1. april. I årsplanen er årsmøtet foreslått å bli lagt til søndag, 16. april etter gudsteneste.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd / Ulstein sokneråd har følgjande møtedatoar våren 2023:

04. januar

01. februar

01. mars

29. mars

10. mai

14. juni

Årsmøte for Ulstein sokn: 16. april

---

## S-SAK 2022/37 Revisjon av Plan for konfirmantarbeid i Ulstein sokn

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*Revidert Plan for konfirmantarbeid i Ulstein sokn*

Dette forslaget til endring av konfirmantopplegget i Ulstein sokn har to hovudmål:

- Reduksjon av den samla tida staben brukar på komfirmantundervisning.
  - Involvere prestane meir i den løpende konfirmantundervisninga gjennom konfirmantåret.
- Forslaget er utarbeidd av kyrkjelydspedagog Ingrid Madli Sæter, kapellan Mirjam Igland Håland, sokneprest Margit Lovise Holte og kateket Bjørn Losvik.

Plan for konfirmantåret 2022/2023 ligg som vedlegg til denne saka, og gjev eit godt overblikk over korleis vi ynskjer å gjennomføre konfirmantåret. Her er nokre viktige punkt oppsummert:

- Tid for oppstart og slutt for konfirmantåret endrast ikkje.
- Konfirmantleir skal fortsatt vere ein viktig del av konfirmantåret, og vil finne stad på same tidspunkt som før.
- Undervisningssamlingane i kyrkja er det som hovudsakleg vert endra, og blir etter følgande mal:  
14.30: Felles oppstart i kyrkja. Info og undervisning om dagens tema.  
Ca. 15.00: Vi går i tre grupper (faste grupper), bruke kyrkja og Fredheim. Fortsette undervisning knytt til tema og bibeltekst, gjerne med samtale og kreativt arbeid. Ein frå staben har ansvar for å lage eit godt undervisningsopplegg alle kan bruke. Mål: At undervisninga er relasjonell, erfaringsbasert og digital.  
15.45: Felles avslutning i kyrkja. Liturgisk samling, linka til Kristuskransen.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

# Fordeling ny konfirmantplan.

Utdeling: Konfirmantene får konfirmantbibelen, kristuskransen og skrivebok.

Skrivebok og kristuskransen bør brukes i undervisning. F.eks at konfirmantene skal skrive litt om samlingen mot slutten av konf-timen. Vi samler inn bøkene hver gang og tar med til leir. Ark (gudstjenestelogg) deles ut i gudstjeneste, konfirmantene må svare på skjemaet og levere i postkasse. Limes inn på samlinger. Vi kan også lime inn bibeltekster i boka på konf-leir.

Mulig dato	Ramme	Samlingar	Tidma r	Bibeltekst (undervisningsansvarlig legger inn)	Kristuskransen	Ressurser (for pedagogers del)
Gjennom året		Gudstenester obligatorisk (prestentasjon, lysmesse, fasteaksjon, samtalegudstenste) pluss 4 frivillige gjennom året	8			Gudstjenestelogg
2.11 og 10.11 (bør være før høstferien i 2023)	Todelt, med smågrupper	Gudsteneste – (inkl nattverd). Informere om gudstjenestelogg.	1 ½		Alle får Kristuskransen. (spiritualitet tema) – Gudsperla.	KL: 15, 16, 17
16.11 og 17.11	Todelt, med smågrupper	Bibelen – troverdighet	1 ½		Stilleperlene (bønn)	KL: 3
1.12	ALLE	Lysmessesamling (lys/mørke – vere lysbærar): Nestekjærlighet	2	Se i prezien	To kjærleikspeler	INGEN
25.01 og 26.01	Todelt, med smågrupper	Høgtider (jul, påske, pinse)	1 ½	Julefortelling, påskefortelling	Gledesperla	Kyrkjeåret – bakerst
8.02 og 9.02	Todelt, med smågrupper	Kristent menneskesyn: Skapt i Guds bilde, synd og tilgivelse.	1 ½	Skapt i Guds bilde, elsket, «den av mine minste».	Egperla	KL: 2
22.03 og 23.03	Merk: Kun todelt – Bjørn og Ingrid	Internasjonal diakoni: Forbruk og rettferd - kva kan vi gjøre? Korleis skal vi ta vare på jorda	2	Dette er fasten jeg har valgt.	Ørkenperle	KL: 18

28.03	ALLE	Fasteaksjonen: Gå med bøsser	2		INGEN AVSLUTNING	INGEN
Tors 13.04 Søn 16.04	Kun todelt 19.00- 21.30	Filmkveld: Risen m/samtale	2 ½	Påsketekst	Natt og oppstodeperla	KL: 6
24.05 og 25.05	Todelt, med smågrupper	Å leve som kristen. Skrive brev til seg selv. Egen tro/skrive trosbekjennelse?	1 ½		Hemmelighetsperle ene – gi hver perle sin betydning	KL: 19
		Tenesteoppgåver gjennom året (medverkand på ulike trusopplæringstiltak og diakoni))	3			
		Konfirmantfest august	2	Må snakke om med sokneråd!		
		Samtalegudsteneste førebuing	1 ½			
		konfirmasjonsdagsførebuing	1			

Tanken om todelt med smågrupper: Onsdag og torsdag annenhver uke blir det konfirmantsamlinger. Bjørn, Ingrid og Mirjam kan f.eks ha hver sin gruppe onsdager, og Bjørn, Ingrid og Margit på torsdager.

60 timer undervisning totalt (derav 30 timer på leir, 12 timer gruppeundervisning, 8 timer gudstenste og 10 diverse)

Forslag: Dele ut konfirmantbibelen og Kristuskransen til konfirmanter. Vi ønsker at bibelen skal være i bruk på alle samlinger – at konfirmanterne blir kjent med bibelfortellinger.

#### Ramme for todelte gruppesamlinger: (oppe på Fredheim, nede på Fredheim, dåpssakristi/loft på Fredheim)

**14.30:** Alle møtes i kirkerommet, lek + litt info om hva vi skal ha om i dag.

**14.50/15.00:** Vi går i tre grupper (faste grupper). Har undervisning som er knyttet til tema og helst en bibeltekst hver gang. Gjerne samtale og kreativt arbeid. En av oss ansatte har ansvar for å lage et godt undervisningsopplegg alle kan bruke (men tilpasser som de vil). Undervisninga er relasjonell, erfaringsbasert og digital.

**15.45:** Alle samles i kirka. Liturgisk samling. (Spiritualitet og bønn blir tema på hver slik avslutning).

#### TEMAER PÅ LEIR:

	Tema	Perle - kveldsavslutning	Bibeltekst
DAG 1	Å møte andre	Dåpsperla (det kristne fellesskapet)	-
DAG 2	Bli kjent med bibelpersonen (tidslinja NT opp) Jesus som forbilde: Dramatisere bibelfortellinger (vinterleir) Jesufortellinger (løype sommerleir)	Kjærleiksperlene (har hatt på lyssamling)	9

DAG 3	Gud/skapelse/vitenskap Handelsspelet: rettferd Turoppligg: sonen som kom heim – valg/hvem påvirker deg? (sommerleir) FILMKVELD/SOSIALT: Mål er å ha det kjekt.	Bønnevandring: Legge inn kristuskrans-stopp - nattperla	4 og 5
DAG 4	Død og sorg (nattperla?) Spørretimen Gudstjenesteverksted	Gudstjeneste	7, 10, 11, 12
DAG 5	Mulig å ta inn noe her på sommerleir	Ingen	13

**Undervisningar planleggast av (ikke helt avklart):**

Gudsteneste og spiritualitet: Mirjam

Bibelen: Mirjam (og Ingrid)

Lysmesse: Margit

Høgtider – jul og påske: Ingrid

Kristent menneskesyn: Margit

Fasteaksjonen: Internasjonal diakoni: Bjørn (og evt kirkens nødhjelp person)

Filmkveld: Bjørn og Ingrid

Veien videre: Bjørn (og Margit)

**Forslag til enkel liturgi på avslutningssamling (10 min)**

Samles fremme i kirkerommet

Kristuskransen: leder snakker om dagens perle. (2-3 min)

En sang spilles av (evt synge): lyttenning.

Leder ber en kort bøn knyttet til perle

Vår far sammen.

Velsignelsen.

Ha gode rutiner på avslutning i kyrkja, så det går raskt.

---

## S-SAK 2022/38 Gudstenesteplan for Ulstein sokn våren 2022

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*utkast til gudstenesteplan våren / sommaren 2023 for Ulstein sokn*

Ulstein sokn har eit aktivt gudstenesteliv, og som mål å nå ut med gudstenesteliv til så mange som mogleg. Vi er glade for at mange er engasjerte og ønskjer å bidra aktivt i gudstenestelivet. Kyrkjeårstidene gir grunnrytmen i gudstenestelivet. Biskopens forordning av gudstenester styrer tal på gudstenestane som skal feirast i soknet.

Ulstein sokneråd har gått aktivt inn for å berike gudstenestelivet gjennom SPOR, kveldsmøte for unge vaksne, DRYPP og ei fornva satsing på familiegudstenester. Samstundes er det viktig å halde på eit gudstenesteliv der vi regelmessig kan tilby dåp og nattverd og la institusjonane ta del via TV- overføring. Nokre gudstenester har ei tilknyting til arbeid med konfirmantar, trusopplæring, diakoni, misjon samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane.

Utkast til gudstenesteplanen er utarbeid av prestane i samarbeid med staben for ei heilskapeleg planlegging av kyrkjelyden sitt arbeid for våensemesteret.

Soknerådet skal handsame og vedta gudstenestelista og soknepresten skal sende den vidare til prosten for godkjenning.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

# Gudstjenesteliste

## Søndag 01.01.2023

Ulstein kyrkje kl. 12:00 Gudsteneste Liturg: Dåp

## Søndag 08.01.2023

### Kristi openberringsdag

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Dåp og nattverd Hellige tre kongers/jule-markering på kyrkjekaffe

## Søndag 15.01.2023

### 2. sundag i openberringstida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

## Søndag 22.01.2023

### 3. sundag i openberringstida

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Liturg: Dåp og nattverd Kveldsgudsteneste (høymesse kveld)

## Søndag 29.01.2023

### 4. sundag i openberringstida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Ung messe Liturg: Nattverd MULIG DRYPP

## Søndag 05.02.2023

### Såmannssundagen

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Dåp og nattverd Familie: Dåpsskule-avslutning

## Søndag 12.02.2023

### Kristi forklæringsdag

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

Ulstein kyrkje kl. 19:00 Forenkla gudsteneste utan nattverd Liturg: Mulig SPOR

## Onsdag 22.02.2023

### Oskeonsdag

Ulstein kyrkje kl. 19:00 Musikkandakt Liturg:

## Søndag 26.02.2023

### 1. sundag i fastetida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Høgmesse Liturg: Dåp og nattverd

## Søndag 05.03.2023

### 2. sundag i fastetida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Dåp og nattverd Familie: 4-årsbok

## Onsdag 08.03.2023

Sunnmøre Folkehøgskule kl. 18:00 Gudsteneste med nattverd Liturg: Nattverd Kvinnedagsgudsteneste - SUFH ikke avklart

## Søndag 12.03.2023

### 3. sundag i fastetida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Liturg: Nattverd MULIG DRYPP

## Søndag 19.03.2023

### 4. sundag i fastetida

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

## Onsdag 22.03.2023

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Liturg: Kvardagsgudsteneste fastetida

## Søndag 26.03.2023

### Maria bodskapsdag

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Ung messe Liturg: Nattverd Fasteaksjonsgudsteneste

## Søndag 02.04.2023

### Palmesundag

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Dåp og nattverd Familie: Spør Kari Aske Osnes om sangressurser

# Gudstjenesteliste

**Torsdag 06.04.2023**

**Skjærtorsdag**

Alvehaugen kl. 16:00 Gudsteneste med nattverd Liturg: Nattverd Ikke avklart  
Ulstein kyrkje kl. 18:00 Liturg: Nattverd

**Fredag 07.04.2023**

**Langfredag**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Nattverd

**Lørdag 08.04.2023**

**Påskeaftan**

Ulstein kyrkje kl. 22:00 Liturg: Nattverd Påskennatt

**Søndag 09.04.2023**

**Påskedag**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste Liturg: Dåp og nattverd

**Mandag 10.04.2023**

**2. påskedag**

Ulstein kyrkje kl. 19:00 Liturg: Mulig SPOR?

**Søndag 16.04.2023**

**2. sundag i påsketida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 23.04.2023**

**3. sundag i påsketida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Ung messe Liturg: Nattverd STOP POVERTY Sufh m/globalløp

**Søndag 30.04.2023**

**4. sundag i påsketida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 07.05.2023**

**5. sundag i påsketida**

Hasundhornet kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Nattverd Familiegudsteneste: Ved Bugardsmyra f.eks?

**Søndag 14.05.2023**

**6. sundag i påsketida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Liturg: Nattverd MULIG DRYPP

**Onsdag 17.05.2023**

**17. mai**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: 17.mai: Familie

**Torsdag 18.05.2023**

**Helgetorsdag**

Ulstein gamle kyrkjegard kl. 12:00 Friluftsgudsteneste Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 28.05.2023**

**Pinsedag**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Mandag 29.05.2023**

**2. pinsedag**

Høgåsen kl. 18:00 Gudsteneste Liturg: Nattverd Med korps på Høgåsen?

**Søndag 04.06.2023**

**Treeiningssundag**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Torsdag 08.06.2023**

Roppesanden kl. 19:00 Liturg: Nattverd Kvardagsgudsteneste Smak Av Ulstein

# Gudstjenesteliste

**Søndag 11.06.2023**

**2. sundag i treeiningstida**

Kjeldsund kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Nattverd Kyrkjelydsfest på Kjeldsund

**Søndag 18.06.2023**

**3. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

Osnessanden kl. 18:00 Liturg: Nattverd MULIG DRYPP

**Søndag 02.07.2023**

**5. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 16.07.2023**

**7. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 30.07.2023**

**9. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 13.08.2023**

**11. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 20.08.2023**

**12. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Liturg: Dåp og nattverd

**Søndag 27.08.2023**

**13. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 18:00 Ung messe Liturg: Samtalegudsteneste

**Søndag 03.09.2023**

**Vingardssundagen**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Familiegudsteneste Liturg: Dåp og nattverd Semesteroppstartsgudsteneste

**Lørdag 09.09.2023**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste Liturg:

Konfirmasjonsgudsteneste

Ulstein kyrkje kl. 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste Liturg:

Konfirmasjonsgudsteneste

**Søndag 10.09.2023**

**15. sundag i treeiningstida**

Ulstein kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste Liturg:

Konfirmasjonsgudstenese

Ulstein kyrkje kl. 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste Liturg:

Konfirmasjonsgudstenese

# S-SAK 2022/39 Semesterplan Ulstein sokn våren 2023

## UTGREIING

### Vedlegg:

årshjul for Ulstein sokn (oppdatert for våren 2023)

Årshjulet viser aktivitetane i kyrkjelyden gjennom vårsemesteret. På veg mot ein heilskapeleg plan for kyrkjelyden er denne oversikten eit godt utgangspunkt for å vise korleis gudstenesteliv, undervisning, diakoni, misjon, kyrkjemusikk og kultur, og barne- og ungdomsarbeid heng saman i kyrkjelyden vår.

Kyrkeåret med høgtider og merkedagar gir grunnrytmen for kyrkja sitt arbeid.

### Gudstenestelivet:

Sjå eiga sak om gudstenesteplan.

### Diakoni og misjon:

- Kyrkjelydsfesten skal samle heile kyrkjelyden igjen og fungere som avslutning for søndagsskulesemesteret.
- Misjonsmiddag frå haustsemesteret ønskjer vi igjen for å fremje misjonsengasjementet også hos barnefamiliene.
- Samarbeid med KFUK-KFUM om familieettermiddagar ønskjer vi å halde fram med.
- Spanande blir om det nye barnehagekonseptet vil etablere seg slik at vi kan halde fram med det også våren 2023.
- I januar skal vi få reise på kyrkjelydsweekenden igjen.
- Engasjement for flyktningar vil vere ei viktig oppgåve for kyrkjelyden også på våren.
- Kyrkje på sentereret ønskjer vi å halde fram med.

### Trusopplæring:

Opplevinga av at det er eit høgt aktivitetsnivå har ført til at staben har foreslått nokre endringar - særleg med tanke på arbeid med trusopplæring. Vi ønskjer å sjå på året 2023 som eit prøveår der vi justerer trusopplæringsarbeidet noko:

- dåpsskulen er redusert til 4 samlingar
- Skapt og nytt liv er endra slik at Skapt blir eit opplegg i naturen utan å setje poteter, nytt liv med hausting av potetene utgår.
- Noko av tida vi har som blir frigjort ønskjer vi å bruke til å utvikle 2 tiltak frå trusopplæringsplanen vi enda ikkje har fått starta:  
Endeleg ungdom er eit tiltak som har overgangen til ungdomsskulealderen som hovudtema.
- Myndighetsfest er også eit tiltak vi ikkje har prøvd ut enda.
- Konfirmantarbeid - sjå eige sak.

### Kyrkjemusikk og kultur:

- Kyrkjebakkespelet vil vere det store høgdepunktet til våren (18. mars)
- Fastetid, påske, Kristi himmelfart, 17. mai og pinse har tradisjonelt involvert mange ulike musikarar.
- Korklubben og Tween Sing har sin faste plass i kyrkjelydslivet
- det er ønske også om å fornye vaksenkorarbeid.
- Viktigast er å få ny kantor på plass.

### Barne- og ungdomsarbeid:

Vi legg opp til eit tett samareid med Søndagsskulen, KRIK, speidarane, Ten Sing, TweenSing og Korklubben. Leiartreningsarbeid for ungdom er ei viktig bærebjelke for gjennomføring av konfirmantleirane.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt frem utan forslag til vedtak.


# Årshjul arbeidsdokument 2023

Årshjulet er oppdatert for våren 2023

fram til og med konfirmasjonshelga.

Hausten vil bli planlagt

våren 2023



---

## S-SAK 2022/40 Plassering av innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje

### UTGREIING

Ved å samle inn midlar til bygging av ei ny kyrkje i Ulstein sokn viser gjevarane stor tillit til Ulstein sokn sitt arbeid med eit nytt kyrkjebygg. Å forvalte dei innsamla midlar er eit ansvar gitt til Ulstein sokneråd. Denne forvaltninga inneber eit ansvar i å sørge for at pengane er tilgjengeleg når den nye kyrkje skal byggast, og plassere desse slik at dei mistar minst mogleg av kjøpekraft i tida fram mot bruk. Med eit tidsperspektiv for bygging av ei ny kyrkje på nokre år fram i tida, og i ei tid med aukande inflasjon er det eit spørsmål om pengane bør investerast slik at dei kan gi noko meir avkastning enn banken kan på dagens plassering på relativt låge bankrenter.

Per oktober 2022 er det samla inn rundt 7 MNOK til bygging av ei ny kyrkje i Ulsteinvik

Økonomiutval har drøfta saken og hatt uformell kontakt med ulike rådgjevarar som har erfaring med investering av pengar. Økonomiutval konkluderer med at dei ikkje vil rá til å investere innsamla midlar i fond, eller i aksjemarknad,

Økonomiutval foreslår til heller å forhandle med banken om ei best mogleg renteavtale for desse midlane.

Dersom Ulstein sokneråd slutter seg til denne tankegangen ber økonomiutval om fullmakt til å forhandle med ulike banker og plassere pengane slik at dei gir god renteakasting.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.